

Sportsplan

2017-2020

Syril fotball



1. OM SPORTSPLANEN

2. MÅL OG PRINSIPP FOR SYRIL FOTBALL

3. ORGANISASJON

4. FAIRPLAY

5. INKLUDERING

6. TRENARUTVIKLING

7. DOMMARUTVIKLING

8. BARNE- OG UNGDOMSFOTBALL

9. BARNEFOTBALL

BARNEFOTBALL 5-10

BARNEFOTBALL 11-12

10. UNGDOMSFOTBALL

UNGDOMSFOTBALL 13-14

UNGDOMSFOTBALL 15-17

11. OVERGANG TIL SENIORFOTBALL

12. SENIORFOTBALL

VEDLEGG

VEDLEGG 1 – ROLLER OG OPPGÅVER

1. OM SPORTSPLANEN

Sportsplanen skildrar mål og retningslinjer for den sportslege aktiviteten i Syril Fotball. Planen skal bidra til at aktiviteten er i tråd med klubbens verdier og mål. Styret har ansvar for at planen blir forankra i klubben. Tema i planen skal drøftast i ulike klubbmøter, t.d sesongoppstartsmøter.

Sportsplanen skal reviderast minimum kvart fjerde år. Styret ved sportsleg leiar er ansvarleg. Endringar skal godkjennast av fotballstyret. Ved større revisjonar skal sportsplanen godkjennast på årsmøte.

2. MÅL OG PRINSIPP FOR SYRIL FOTBALL

Hovudmål

- Born, ungdom og vaksne skal ha eit fotballtilbod og eit klubbmiljø som fremjer trivsel, inkludering og sportsleg utvikling. Flest mogeleg, lengst mogeleg.
- Fotballtilbodet skal tilpassast ut frå behov, modning og ferdigheiter.

Delmål

- Få med fleire trenarar og styrke skuleringa
- Utvikle og forbetre samarbeidet mellom årsklassar og på tvers av kjønn
- Stille lag i alle klassar i barne- og ungdomsfotballen
- Styrke spelarutviklinga i klubben, og saman med naboklubbar og krets
- Stille seniorlag (herre, dame)

Prinsipp

- Klubben er sjef. Vi har respekt for klubbens overordna mål og retningslinjer
- Aktiviteten skal vere forankra i mål og retningslinjer, ikkje i eigne ambisjonar og meningar på tvers av klubben

3. ORGANISASJON

Styret er sportsleg og administrativt ansvarleg for aktiviteten i særgruppa. Leiar deltek også i hovudstyret i Syril. Leiar og nestleiar blir formelt valgt av årsmøtet i hovudlaget.

Sportsleg utval er styrets sportslege støttefunksjon. Under leiing av sportsleg leiar skal utvalet jobbe for at den sportslege aktiviteten er i tråd med mål og prinsipp, slik dette kjem fram i sportsplanen.

4. FAIR PLAY

Vi skal ha ein klubbkultur som er prega av gode haldningar og respekt mellom spelarar, trenarar, leiarar, dommarar og motstandarar.

- Spelarar, trenarar, lagleiarar og dommarar er gode representantar for klubben
- Lytt til andre, aksepter det som blir sagt
- Gje ros for å prøve, aksepter å feile
- Applauder gode prestasjonar hjå alle, også hjå motparten
- Vi toler å tape – vi toler å vinne!

5. INKLUDERING

Syril Fotball skal ha god kontakt med og involvere medlemmer, tillitsvalgte, foreldregrupper, kommunen og potensielle nye medlemmer. Klubben skal opplevast open og inkluderande.

Leikanger er ein tilflyttarkommune, og ein fleirkulturell kommune med innbyggjarar frå alle verdshjørne. Dette er ein ressurs for for Syril som klubb. Det set samstundes krav til at vi har gode rutinar for å ta imot og inkludere nye medlemmer.

Syril Fotball vil

- Etablere ein inkluderingsansvarleg som er kontaktpunkt og følgjer opp tiltak
- Oppdatere klubbens nettsider med kontaktinfo til styret og ulike lag
- Samarbeide med kommunen om tiltak som styrker klubben som inkluderingsarena. T.d kan dugnad vere ein god, sosial møtestad.
- Ha jamnleg dialog med flyktingtenesta og hjelp til å få personleg kontakt
- Oversette skriftlig informasjon til fleire språk, bl.a informasjon om dugnad, foreldreoppgåver, treningsavgifter, utstyr m.m.
- Legge til rette for eit ope fotballtilbod, uavhengig av økonomiske ressursar, bl.a gjennom å sjekke ut aktuelle tilskotsordningar, kommunal medverknad

[Sjå også NFF sin rettleiar om inkludering i praksis](#)

6. TRENAR-UTVIKLING

Mange og gode trenarar som samarbeider på tvers av lag, er avgjerande for å utvikle eit godt fotballtilbod til alle.

Syril Fotball vil:

- Etablere eit sportsleg utval med særleg ansvar for oppfølging av spelarutviklingstiltak, trenarar og trenarforum
- Gjennomføre trenarforum minst 2 gonger i året
- Gjennomføre ei årleg fellesøkt med sesongførebuing for trenarar i aldersbestemt fotball. Økta skal fokusere på overordna treningsplanlegging - kva skal vi legge vekt på i treningsarbeidet, korleis planlegge, kva verktøy kan brukast
- Legge til rette for at trenarane tek i bruk verktøy for treningsplanlegging, t.d www.treningsøkta.no
- Legge til rette for at trenarar frå senior og andre ressursar i/rundt klubb bidreg med input og inspirasjon til trenarar hjå aldersbestemte lag
- Involvere seniorspelarar, tidlegare aktive og ungdom til å vere med i trenarteam
- Tilby fadder/mentorordning, særleg for yngre og/eller nye trenarar
- Gje tilbod om å delta i trenarnettverk som SFFK inviterer til
- Tilby trenarkurs. [Sjå SFFK sitt utdanningstilbod](#)

7. DOMMARUTVIKLING

Syril Fotball vil styrke dommarutviklinga i klubben. Målet er å legge til rette for at fleire tek dommarutdanning, støtte dei som vil satse og ha nok eigne dommarar til kampavviklinga.

Syril Fotball vil

- Ha eigen dommarkontakt
- Tilby gratis klubbdommarkurs til ungdommar i aldersgruppa 14-17 år, i forkant av miniputt-turneringa i klubben
- Bruke miniputt-turneringa som øvingsarena for unge klubbdommarar
- Tilby rekrutteringsdommarkurs til klubbdommarar frå og med 15 år
- Etablere ei mentor/fadderordning for klubb- og rekrutteringsdommarar, som kan følgje opp og rettleie dommarane i kampar
- Stimulere rekruttering ved å tilby honorar i treningskampar, turneringar o.l
- Inkludere dommarutstyr i klubbens utstyrsapakkar, i tillegg til fløyte og klubbdommar t-skjorte
- Gje unge dommarar treningstilbod saman med lag i klubben
- Legge til rette for interne inspirasjonssamlingar for unge dommarar
- Jobbe for at unge dommarar kan delta i turneringsspel der Syril-lag deltek.
- Gje tilbod om deltaking på dommarsamlingar i krets eller naboklubbar
- Inkludere dommarane i felles førebuingssmøte før sesongstart, bl.a med info om spelereglar og fokus på Fair Play. Gjerne seniordommarar som informerer.

8. BARNE- OG UNGDOMSFOTBALL

Fotballtilbudet i Syril skal fremje trivsel, meistring og utvikling for alle. Alle spelarar er like mykje verdt. Det betyr ikkje at alle er like. Vi skal difor legge til rette for at kvar enkelt får best mogeleg tilpassa tilbod og utfordringar, ut frå interesse, føresetnader og modning. Det vil seie differensiert aktivitet med jamnbyrdig motstand. Syril har tilpassa sportsplanen etter [NFFs råd om differensiering](#)

Samarbeid mellom lag og mellom sportsleg leiing og trenarar er avgjerande for å få til differensiering i praksis. Spørsmål om samarbeid, differensiering og jamnbyrdig motstand der sportsplanen ikkje gjev svar, skal avklarast av styret ved sportsleg leiar.

SAMARBEID

- I Syril skal vi samarbeide innad i årskulla, mellom årskulla og på tvers av kjønn
- Det er ikkje opp til den enkelte trenar eller lagleiar å vurdere samarbeid. Derimot må trenarar og leiarar planlegge korleis samarbeidet best kan skje
- Styret og sportsleg utval skal bidra og vere støtte i å få til godt samarbeid

JAMNBYRDIG MOTSTAND

- Jamnbyrdig motstand fremjer trivsel og meistring for laget og for kvar enkelt
- I trening og kamp skal spelarar og lag ha mest mogeleg jamnbyrdig motstand.

DIFFERENSIERING

- Å differensiere betyr å tilpasse tilbod og utfordringar, med spelaren i sentrum
- Selekttering er det motsette av differensiering og skal ikkje skje!
- Differensieringa i Syril skal legge til rette for tilbod på tvers av alder og kjønn
- I Syril Fotball er hospitering eit prioritert differensieringstiltak

KONKRETE TILTAK FOR Å DIFFERENSIERE OG FÅ JAMNBYRDIG MOTSTAND

- Gje ulike utfordringar til spelarane ut frå ferdigheitsnivå, i trening og kamp
- Aktiviteten kan vere lik for alle, men målsettingane individuelle. Aktiviteten kan også tilretteleggast med ulike vanskegrader
- Del treningsgruppa etter ferdigheitsnivå i deler av treningsøktar
 - Tekniske øktar der spelarar med om lag same ferdigheitsnivå øver i lag
 - Speløktar med to lag, der laga blir jamnbyrdige
 - Øktar med fleire enn to lag, der spelarar med same ferdigheiter møtes
- Legg til rette for differensierte øktar i treningsøkta ved å samordne trening med årskull under/over. NB! Treningstider må koordinerast!
- Avtale at spelarar i periodar kan trene mindre enn det laget elles har avtalt, til dømes i samband med kolliderande aktivitet
- Gje spelarar som ønskjer å trene meir eit utvida treningstilbod, gjerne i grupper på tvers av alder/kjønn. Dette er særleg aktuelt i ferieperiodar og utanom kampsesong. Slike ekstratilbod skal vere opne og baserte på eigenmotivasjon, og tilbod retta mot spelarar som er på/aktuelle for kretstiltak.

- Samarbeid om hospitering: at spelarar trenar og spelar kampar med laget over. Sjå meir om hospitering i eige punkt.
- Differensiering i kamptilbodet kan t.d gjerast ved at enkeltspelarar får ekstra individuelle utfordringar i kampsituasjonen.
- Differensiering i kamp kan også skje ved at spelarar som er tidleg ute i ferdigheitsutviklinga spelar meir i kampar der vi møter våre sterkaste motstandarar, medan spelarar i andre deler av utviklingsstigen spelar meir i kampar med svakare motstand. Målet er jamnbyrdigheit og god speletid for alle, t.d at ingen spelar mindre enn 50% av kampen.
- Dersom spelargrupper er motiverte og modne for det, kan det opnast for eit ekstra kamptilbod ved å melde på eit lag i klassen over. Spelargruppa skal fungere som ei gruppe, sportsleg og sosialt. Ruller på spelarar mellom laga, ut frå modning, meistring, interesse. NB! Eit slikt ekstra-tilbod er ikkje hovudtilbodet. Styret ved sportsleg leiar/sportsleg utval avgjer endeleg slike evt. tilbod.
- I enkelte tilfelle kan fast flytting til lag over/eller frå jente- til gutelag vere aktuelt. Sportsleg leiar avklarar slike spørsmål, i lag med spelar, foreldre, trenarar

HOSPITERING

Hospitering set krav til samarbeid, vilje til å finne løysingar og god informasjon. For at alle skal få gode, tilpassa kamptilbod må det gjerast fleire avklaringar. Sportsleg leiar med sportsleg utval skal støtte laga og bidra til løysingar til beste for alle, jmf. punkt om avklaringar som del av sesongplanlegginga. Fotballkretsen kan også bidra med råd. [Sjå elles NFFs generelle retningslinjer for hospitering](#)

- Hospitering betyr at enkelte spelarar har eit trenings- og kamptilbod utover eige lag, med eit høgare ferdigheitsnivå.
- Tilbodet kan vere med lag over, på tvers av kjønn, med anna klubb
- Målet med hospiteringa er at spelarar som er modne for det, og ut frå interesse og ferdigheitsnivå, kan få ekstra utfordringar
- I Syril skal laga legge til rette for hospitering frå og med spelarane er 11 år
- Spelarar, foreldre, leiarar og trenarar skal vere orienterte om hospitering som tiltak for tilpassing av aktivitet.

KONKRETE TILTAK FOR EIT GODT HOSPITERINGSTILBOD

- Utgangspunktet er at spelaren har interesse for, er moden og meistarar eit høgare nivå. Flytsoneprinsippet skal leggjast til grunn. Dvs at spelaren må meistre i hospiteringa, samstundes som han/ho også skal bli utfordra.
- Hospitering skal i hovudsak supplere tilbodet spelaren har i sitt eige lag
- Totaltilbodet må vurderast av trenarar, spelar, foreldre i lag med sportsleg leiar
- Opplegg for hospitering skal drøftast som del av sesongplanlegginga. Trenarar og sporsleg apparat avklarar opplegg i dei ulike klassane/gruppene. Evt. spørsmål og usemje skal avklarast saman med sportsleg leiar.
- Opp til og med smågutar/småjenter skal det informerast om hospitering på foreldremøte. Informer om kva, kven og kvifor

- Hospitering i kamp kan reise spørsmål om fordeling av speletid. Godt med speletid til alle er viktig. Det er samstundes ikkje ei løysing å seie at det ikkje er plass til hospitantar.
- Hospiteringstrening kan vere faste treningsdagar og/eller avtalte treningsperiodar
- I kamphospitering må det vurderast kva som er rette hospiteringskampar, kva som er passeleg speletid ut frå totalbelastning
- Hospiteringsspelaren skal utfordrast på å halde oppe prestasjonane også i eiga gruppe, i trening og kamp. Særleg gjeld dette i eldste jente/guteklasse og overgang/hospitering inn på seniornivå.
- Spelarar som deltek på spelarutviklingstiltak i krets skal ha tilbod om hospitering
- Spelarar som er motiverte og som ligg i øvre del av eiga treningsgruppe, skal ha tilbod om hospitering
- For jenter som er aktuelle for kretstiltak, skal hospiteringsordning med gutar alltid vurderast. Det er ein føresetnad for hospitering at spelaren sjølv vil dette. For jenter i spissa tiltak på krets/region/landslagsnivå, forventar kretsen at desse har avklarte, tydelege tilbod om trening- og kamphospitering.
- NB! Hospitering forpliktar meir enn tilfeldig lån av spelarar for å stille lag til kampar

9. BARNEFOTBALL

[Sportsplanen bygger på NFFs råd og retningslinjer om barnefotball.](#)

5 – 10 , MINIPUTT

- Min. 1 trening i veka i sesong (april-okt)
- Tilby trening utanfor hovudsesong, i samarbeid med andre (årskull,kjønn)
- Legg til rette for «særøker» med fokus på hurtigheit, koordinasjon, balanse, gjerne i samarbeid med andre særgrupper og på tvers av alder og kjønn
- Turneringsspel med 4 turneringar
- Tilby seriespel for miniklassane 9-10 år, 5-ar fotball
- Legg vekt på meistring og jamnbyrdig motstand, både på trening og i kamp
- Topping av lag skal ikkje skje!
- Instruksjon i små dosar, korte sekvensar, mange repetisjonar
- Prioriter å spele mykje på små område, med få spelarar
- Mest mogeleg ballkontakt, både på trening og i kamp
- Det skal leggst til rette for differensiering i treningsøktene, t.d ved gruppeinndeling i deler av øktene, på tvers av alderskull og kjønn
- Stimuler til at alle prøver seg på ulike utfordringar (posisjon, frispark, corner)
- Ruller på kven som startar inne på bana/startar på sidelina, i kampane
- Dersom det er fleire lag i same årsklasse, skal desse vere jamnbyrdige
- Spelarane skal gjennom sesongen ha tilnærma lik speletid. I enkeltkampar er fokus på «jamnbyrdig motstand» viktigare enn «stoppeklokka»
- Meld på nok lag til turneringane! Mykje speletid til alle!

- Unngå å vinne eller tape kampar med store resultatskilnader. Juster samansetnaden av laget, og gje enkeltspelarar individuelle utfordringar.
- Legge til rette for eit utvida treningstilbod for dei som ønskjer det – gjerne på tvers av årskull og kjønn
- Spelarar 10 år som ønskjer det og meistrar nivået, skal få eit utvida treningstilbod med årsklassen over. Spelarane skal i løpet av sesongen også få prøve seg i kamp
- Legg til rette for allsidigheit. Samarbeid med andre og koordiner aktivitet
- Min 2 trenarar pr. lag
- Helst ein trenar med gjennomført aktivitetsleiarkurs barnefotball
- Trenarane skal delta i trenarforum
- Alderen 5-8 nyttar ikkje hospitering

11 – 12, LILLEGUTAR/LILLEJENTER

- Min. 1 trening pr. veke i hovudsesong
- Tilby trening utanfor hovudsesong, i samarbeid med andre (årskull,kjønn)
- Legge til rette for «særøker» med fokus på hurtigheit, koordinasjon, balanse, gjerne i samarbeid med andre særgrupper og på tvers av alder og kjønn
- Lag i seriespel innanfor årsklassen, 7-ar for 11-åringane, 9-ar for 12 åringane
- Evt ekstratilbod med lag i klasse over
- Min 2 trenarar pr. lag
- Det er eit mål at minst ein trenar har NFF C-lisens
- Trenarane skal delta i trenarforum
- Legg vekt på meistring og jamnbyrdig motstand, både på trening og i kamp
- Instruksjon i små dosar, korte sekvensar, mange repetisjonar
- Prioriter spel på små område, med få spelarar. Utfordre på tid og rom (tempo)
- Mest mogeleg ballkontakt, både på trening og i kamp
- Det skal leggst til rette for differensiering i treningsøktene, t.d ved gruppeinndeling i deler av øktene, på tvers av alderskull og kjønn
- Stimuler til at alle prøver seg på ulike utfordringar (posisjon, frispark, corner)
- Topping av lag skal ikkje skje!
- Ruller på kven som startar inne på bana/startar på sidelina, i kampane
- Dersom vi stiller med fleire lag i same klasse, skal desse vere mest mogeleg jamne, og ivareta jamnbyrdig motstand i den enkelte kampen.
- Dersom serien ikkje er sett opp med reine årslag, bør laga settast saman ut frå prinsipp om jamnbyrdig motstand og differensiering
- Spelarane skal gjennom sesongen ha tilnærma lik speletid. Sjå også punkt om differensiering og speletid.
- Unngå å vinne eller tape kampar med store resultatskilnader. Juster samansetnaden av laget, og gje enkeltspelarar individuelle utfordringar.

- Legge til rette for eit utvida treningstilbod for dei som ønskjer det – gjerne på tvers av årskull og kjønn
- Legge til rette for ekstratilbod ved å melde på lag i klassen over, dersom dette fremmer differensiering. Tilbodet skal henge saman med «hovudtilbodet». Ruller på spelarar mellom lag, med utgangspunkt i meistring og motivasjon
- Samarbeide om hospitering, sjå eige punkt om hospitering
- Legg til rette for allsidigheit. Samarbeid med andre og koordiner aktivitet

10. UNGDOMSFOTBALL

13 –14, SMÅGUTAR/SMÅJENTER

- Basistilbod med 2 treningar pr. veke i kampsesong
- Evt ekstratilbod med lag i klasse over
- Legge til rette for ekstratilbod utanfor kampsesong, gjerne saman med andre og på tvers av alder og kjønn
- Legge til rette for «særøker» med fokus på hurtigheit, koordinasjon, balanse, gjerne i samarbeid med andre særgrupper og på tvers av alder og kjønn
- Syril prioriterer å stille lag i seriespel 9-ar og/eller 7-ar. SFFK tilbyr også 11-ar.
- 14 åringane deltek på Norway Cup. Dersom laget treng å låne ekstra spelarar, bør 13-åringane prioriterast framfor spelarar frå naboklubbar.
- Ei turnering i tillegg, ftv. for 13-åringane
- Prioriter spel på små flater – utfordre spelarane på tid og rom – tempo i økta!
- Utfordre og utvikle evna til å spele med høgt tempo
- Jobb generelt med hurtigheit og spenst, og med tempo i speløker
- Stimuler og «coache» til å finne gode løysingar og i å spele kvarandre gode
- Ros gode valg og forsøk på å spele seg ut av og fram til situasjonar
- Jobb bevisst med haldningar – positiv oppmuntring til kvarandre
- Prioriter småspel, speløker, ferdigheiter framfor taktikk
- "Drep" ikkje kreative spelarar
- Deltaking i kamp ut frå oppmøte, haldningar og mål om jamnbyrdige kampar. Om speletid, sjå punkt om differensiering.
- Legg til rette for hospitering i andre treningsgrupper/på andre lag
- Minst to trenarar i gruppa
- Helst ein trenar med NFF C-lisens
- Trenarane skal delta i trenarforum

15 – 17, GUTAR/JENTER

- Basistilbod med 2 treningar pr. veke i kampsesong
- Evt ekstratilbod med senior
- Legge til rette for ekstratilbod utanfor kampsesong, gjerne saman med andre og på tvers av alder og kjønn
- Lag i seriespel 11-ar
- Delta i turneringsspel/cup
- Prioriter spel på mindre flater – utfordre spelarane på tid, rom og tempo i økta
- Fokus på tempo i speløker, deløker og pasningsøvingar
- Jobb generelt med hurtigheit, spenst og styrke, og med tempo i speløker
- Stimuler og «coache» til å finne gode løysingar og i å spele kvarandre gode
- Ros gode valg og forsøk på å spele seg ut av og fram til situasjonar
- Vidareutvikle relasjonelle ferdigheiter (samhandling) og rolleforståing
- Jobb bevisst med haldningar – positiv oppmuntring til kvarandre – slå ned på munnbruk
- "Drep" ikkje kreative spelarar
- Bland årstrinna. Start på hausten etter at sesongen er over
- Legg opp til eit differensiert treningstilbod –
- Deltaking i kamp ut frå oppmøte, haldningar og mål om jamnbyrdige kampar. Om speletid, sjå punkt om differensiering.
- Spelarar som er modne nok, ferdigheits- og motivasjonsmessig, skal trene fast eller hospitere på treningar med A-laget. Viktig å gje spelarane tillit og noko å strekke seg etter.
- For spelarar med større utviklingspotensiale må vi tilrettelegge for hospitering hjå klubbar på høgare nivå
- Jobb bevisst med å motivere spelarar som hospiterer på seniornivå til fokus på eigenutvikling og lagbygging. Trenarane må samarbeide om tilbakemeldingar ift. arbeidsoppgåver og fokus.
- Legg til rette for spesifikke juniortiltak i løpet av året – t.d turneringsspel med juniorlag, eller stille juniorlag i KM Futsal. Dette skal skje i samarbeid med seniorgruppa.
- Minst to trenarar i gruppa
- Helst ein trenar med NFF C-lisens
- Trenarane skal delta i trenarforum

11. OVERGANGEN TIL SENIORFOTBALL

Sogn og Fjordane fotballkrets har kun juniortilbod som vinterserie. Frå 2017 kan også 17-åringar spele gute/jentefotball. Overgangen fra gute/jentelag til senior kan likevel vere utfordrande. Mange fell frå. Det er difor viktig at klubben legg til rette for tilbod som passar både for dei som ønskjer å ta steget opp på seniorlaget, og dei som kun ønskjer eit trenings- og evt. turneringstilbod.

Eit trenings- og turneringstilbod for juniorar som ikkje ønskjer å ta steget opp i seniorstallen, kan også vere eit godt tilbod for andre unge vaksne, t.d unge vaksne flyktningar som ikkje ønskjer eit seniortilbod med seriespel.

- Legge til rette for spesifikke juniortiltak i løpet av året – t.d turneringsspel med juniorlag, eller stille juniorlag i KM Futsal. Dette skal skje i samarbeid med seniorgruppa.
- Søke mulegheiter for samarbeidslag i vinterserie junior

12. SENIORFOTBALL

Generelt

- Legge til rette for at det er attraktivt å spele seniorfotball i Syril; treningstilbod, kamparrangement, klubbmiljø
- Stille senior herrer/damer ftv. med lokale og unge spelarar
- Spelargruppa og trenarane skal sette seg utviklingsmål like mykje som resultatmål.
- Unge spelarar må få tillit og skal prioriterast når dei ferdigheits- og haldningsmessig er jamnbyrdige med eldre spelarar
- Vi må tilrettelegge for hospitering hjå klubbar på høgare nivå
- Utvikle gode haldningar - *seniorgruppa må vere bevisst at unge spelarar deltek i treningar og kamp*
- Minst to trenarar i gruppa
- Helst ein trenar med minst NFF C-lisens
- Trenarane skal delta i trenarforum

FUNKSJONAR OG ROLLAR – Vedlegg 1

LAGLEIARROLLA ALDERSBESTEMT

Generelt

- syte for god kontakt mellom lagleiing, trenarar, foreldre og spelarar.
- informasjon og kontakt gjennom informasjonsmøte, e-post, sms, internett m.m
- halda orden på laget sitt utstyr, saman med trenarar og spelarane
- gje informasjon til og om laget via heimesida til [Syril Fotball](#)
- arrangere sosiale samlingar for laget – min. sesongavslutning. Sjå retn.liner

Sesongplanlegging

- planlegge sesongen saman med trenarar
- saman med trenarane fordele trenaransvar for treningar og kampar
- saman med trenar ha kontakt mot andre lag m.o.t hospitering/differensiering
- arrangere min. eitt foreldremøte – bør avviklast før sesongstart – informere bla om foreldrevettreglar
- organisere dugnadsarbeid – fordele på foreldregrupper
- setje opp vaktliste for kiosken ved heimekampar – fordel på foreldre.
- gjere retn.linene for kioskvakt kjende for foreldra
- påmelding og organisering av reise og deltaking på turneringar. Sjå elles retningslinjer for deltaking på cupar og turneringar

Kontakt mot styret

- vere bindeledd mellom laget og leiar born/ungdom og sportsleg leiar
- delta på lagleiar møte
- gje tilbakemelding på treningstider og kampoppsett til leiar born/ungdom
- levere spelarliste til leiar born/ungdom, med tlf.nr, adresse og føresette
- melde inn lag til seriespel, til leiar born/ungdom
- rapportera status og behov for nye investeringar ved sesongavslutning til utstyrsansvarleg
- skriva årsmelding for laget og levere leiar born/ungdom

Kampar og turneringar

- organisera treningskampar etter ønske frå trenar
- organisere køyring til kampar/turneringar – bruk bussen etter retningslinjer
- oppdatere FIKS
 - legge inn namn spelartopp og trenarar/lagleiar i FIKS før kampen
 - legge inn resultat i FIKS etter heimekampar
 - skrive ut kamprapport ved heimekampar og oppbevare signert rapport til sesongen er ferdig – bortelag, heimelag og domar skal signera.
 - om trenaren ynskjer det - sende oversikt over motstandarlaget sin spelartropp (frå FIKS) til trenar før kamp.
- ansvar for at medisinskrin, med nødvendig innhald, er med til alle kampar
- syta for at drakter blir vaska etter kvar kamp – vaskeliste
- organisera flytting av kampar dersom dette er heilt nødvendig
- saman med trenarar halda oversikt over brukte spelarar og speletid i kampar

- saman med trenar ha kontakt mot andre lag m.o.t hospitering/differensiering. Sportsleg leiar gjev råd om og tek avgjerd om hospitering, dersom usemje.
- Ta initiativ til å diskutere ambisjonsnivå (t.d.sportsleg/sosialt/bruk av spelarar) før deltaking på turneringar, i lag med foreldre, trenarar, spelarar

Ved heimekamp

- kontakt med merkeansvarleg – avklare bane og merking
- kontakt motstandarlag i god tid – avklar kamptidspunkt og bane
- kontakt dommar i god tid før kamp
- sjekk at kioskvakt er ok
- ha klar vestar til gjestande lag i tilfelle like drakter
- ha klar minst 3 kampballar til kampen – 2 ballar til gjestande lag
- klargjere bane for kamp dvs. sjekke måla, legg fram linjedommarflagg, setje opp hjørneflagg ved 11-ar kamp og rydde på plass etter kamp
- låse opp og merke garderober til gjestande lag (nøkkel i kiosken)
- ynskje gjestande lag velkomen , ynskje dommarar velkommen
- ansvar for utfylling av domarkort – bortelag, heimelag og domar skal signera.
- sørgje for at garderober vert rydda (mopp og kost er på vaskerom) og låst etter kamp

LAGLEIARROLLA MINIPUTT

- kontaktpunkt for miniputt mot styret.
- er lagleiar for alle miniputtlaga opp mot SFFK, alle laga har egne lagleiarar.
- ansvarleg for å få trenarar til alle laga; min 2 trenarar pr. lag
- ansvarleg for å gjennomføre lagleiar/trenarmøte før sesongstart
- informere lagleiarar om miniputtturnering.
- ansvarleg for lagspåmelding til Kongleriket
- skal ha oversikt over alle lagleiarar og trenarar med kontaktinformasjon
- ansvarleg for utlevering/innlevering av drakter.
- turneringsansvarleg for eiga miniputtturnering og leiar av turneringsnemnda
- ansvarleg for årsmelding frå miniputt
- ansvarleg for at laga etter sesongen får på plass trenarar/lagleiarar til ny sesong

Lagleiar for kvart årskull miniputt

- Ansvarleg for å gjennomføre foreldremøte før sesongstart.
- Ansvarleg for draktene laget får utdelt ved sesongstart.
- Ansvarleg for å informere spelarar og foreldre om turneringar og eventuelt andre arrangement.
- Ansvarleg for sesongavslutning for eige lag.
- Skal ha oversikt over alle spelarar og foreldre med kontaktinformasjon.
- Vidaresending av informasjon frå styret og hovudlagleiar til trenarar og eventuelt foreldre
- Er medlemmar av turneringsnemnda og assisterar hovudlagleiar ved eiga miniputtturnering